



Den første fiskebilen til Hjørnevåg. Mange kjenner nok att sjåføren Johannes Kjærland.

Brødrene Hjørnevåg si fiskematverksemd har no eksistert i nær 70 år. Dei har heile tida vore kjende for kvalitet, og siste åra har dette vist att i medaljesankinga. Vi som er litt eldre hugsar godt då fiskebilruta kom rundt på gardane. PÅ dalen meiner eg onsdagar var fiskebildagar. No etterlyser verksemda historisk stoff, og håpar folk vil senda historiar og bilete frå den tradisjonsrike verksemda.

Dei har sendt oss følgjande melding:

- Brødr. Hjørnevåg AS lurar på om det er nokon som har bilder frå Fiskebilen eller andre bilder/historiar som har med Brødr. Hjørnevåg AS å gjera.

Hjørnevåg har ein historie tilbake til 1948 og fram til i dag.

I desse dagar samlar verksemda saman informasjon frå heile denne epoken.

Om du har eit bilete, ei god historie eller anna som har med Brødr. Hjørnevåg AS å gjera, så set vi pris på å bli kontakta.

E-post: marit@hjoennevaag.com

Tlf.: 41613870

Nett: Thor Inge Døssland

Foto: Kristian Bringedal